



**Planprogram for**

***Djupevika Losna, Gnr.62 bnr. 1, 2 m.fl., Solund kommune***

03.10.2016

Plannummer: 2016 001

## Innhald

Del 1 Planen sitt føremål, innhald og rammeverk.....	3
1. Bakgrunn og føremål .....	3
1.1 Bakgrunn.....	3
1.2 Formål.....	3
1.3 Vurdering av krav til planprogram og konsekvensutgreiing av området .....	3
2. Dagens situasjon i planområdet.....	4
2.1 Lokalisering.....	4
2.2 Avgrensing .....	4
2.3 Kort om planområdet .....	6
2.4 Nærleggande område og strukturar.....	6
3. Hovudrammer og premiss .....	7
3.1 Nasjonale retningsliner.....	7
3.2 Regionale planar og føringar .....	7
3.3 Kommuneplanen .....	7
3.4 Kommunedelplanar/temaplanar.....	9
3.5 Gjeldande reguleringsplanar .....	9
3.6 Tilgrensande reguleringsplanar under arbeid .....	9
4. Organisering, medverknad og informasjon.....	10
4.1 Informasjon og medverknad i planprosessen .....	10
4.2 Framdriftsplan .....	10
Del 2 Program for konsekvensutgreiing .....	11
5. Alternativvurdering .....	11
6. Konsekvensutgreiing – prosess, metode og aktuelle problemstillingar.....	13
6.1 Landskap.....	13
6.2 Naturmiljø.....	14
6.3 Teknisk infrastruktur .....	14

## **Del 1 Planen sitt føremål, innhald og rammeverk**

### **1. Bakgrunn og føremål**

#### **1.1 Bakgrunn**

Planområdet omfattar gnr. 62 bnr 1 m.fl. og ligg på vestsida av Losna i Solund kommune, mot Krakhellesundet. Planområdet ligg ved sjøen og omfattar areal både på land og i sjø.

Forslagstillar er Losna Seafood AS. Opus Bergen AS er utførande konsulent for planframlegget.

I KPA har planområdet føremål LNF på land og A-3 (akvakultur) Seljeskorvikane matfisk laks og Fi-13 (kaste- og låssetjingsplass) Standalen i Krakhellesundet

#### **1.2 Formål**

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for oppdrettsanlegg på land og i fjellhall, med tilhøyrande kaianlegg, anleggsveg og pendlarbustader for tilsette ved anlegget. Pendlarbustadene er tenkt sørvest i planområdet, kring Djupevika.


#### **1.3 Vurdering av krav til planprogram og konsekvensutgreiing av området**

Tiltaka planframlegget legger til rette for er vurdert å utløyse krav til konsekvensutgreiing (KU), jamfør Forskrift om konsekvensutredninger § 3, då tiltaket er i strid med overordna plan (KPA).

## 2. Dagens situasjon i planområdet

### 2.1 Lokalisering


Planområdet ligg vest på Losna i Solund kommune. Ferjekaien på Krakhella er næraste kollektivstopp for Losna og ligg ca. 22 km frå kommunesenteret Hardbakke. Frå Krakhella må ein bruke privat båt for å kome over Krakhellesundet. Alternativt kan ein ta ferja til søraustsida av Losna og krysse sørsida av øya til fots for å nå fram til planområdet. Krakhella ligg ca. 133 km frå Bergen, inkludert 12 km med ferje.



Figur 1: Planområdet på Losna markert i blått. Kommunesenteret Krakhella markert i grønt.

### 2.2 Avgrensing

Planområdet ligg i eit naturområde som grenser til sjø og LNF-område. Krakhellesundet ligg vest for planområdet, i aust stig terrenget opp mot midten av øya. Det er ingen busetnad eller infrastruktur som avgrensar planområdet.



Figur 2: Planavgrænsning

### 2.3 Kort om planområdet

Planområdet ligg på vestsida av Losna inn mot Krakhellesundet. Planområdet består i stor grad av urørt natur med bratte fjellformasjonar med dalar som strekk seg inn frå sjøen i nordvest-søraustleg retning. Terrenget er høveleg bratt opp frå sjøkanten, men det er nokre mindre bukter kor det betre tilkomst til og frå sjø. Små innsjøar og tjern ligg spreidd over heile planområdet. Det er ingen infrastruktur i eller nær planområdet. Nokre få bygningar/hytter ligg spreidd i planområdet.

### 2.4 Nærliggande område og strukturar

Det er ingen offentlege tilbod på Losna. Det er ein ferjekai på austsida av Losna, frå denne må ein gå til fots over øya for å kome til planområdet i vest. På Krakhella ligg det og ein ferjekai og anløp for hurtigbåt, dette er den nærmaste planområdet, men den ligg over fjorden frå Losna og ein må ha eigen båt over.

På Hardbakke i Solund er det dagligvarebutikk, legevakt, barne- og ungdomsskule og barnehage (1-6 år).

Det største bustadfeltet ligg på Hardbakke, elles er det fleire små spreidde bygder i kommunen.

## 3. Hovudrammer og premiss

### 3.1 Nasjonale retningslinjer

- Statlige planretningslinjer for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene
- Statlig planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

### 3.2 Regionale planar og føringar

- Regional planstrategi for Sogn og Fjordane for perioden 2012-2016
- Fylkesdelplan for arealbruk (2000)
- Fylkesdelplan for klima og miljø (2009)
- Fylkesdelplan for klima og miljø 2014-16 – Rullering av handlingsprogram
- Regional transportplan 2014-2023
- Regional plan for vindkraft (2011) m vedlegg.
- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025
- Regional plan for kysten (oppstart 2015)

### 3.3 Kommuneplanen

#### 3.3.1 Kommuneplanens arealdel

Planområdet er i KPA (2008-2020) i all hovudsak avsett til *landbruks-, natur- og friluftsområde* (LNF). I tillegg er to områder avsett som *område for bruk og vern av sjø og vassdrag*; ei bukt i Standalen har føremål fiskeområde (Fi) og eit område lenger nord i Seljeskogvikane har føremål akvakultur (A).

Utdrag frå føresegner og retningslinjer, KPA:

**Landbruk-, natur- og friluftsliv:** Omfattar føremål knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Tiltak i samband med stadbunden næring er tillate. Det skal vere høve til fri ferdsle i 100-metersbeltet.

**Område for bruk og vern av sjø og vassdrag:** Føremålet omfattar vatn med restriksjonar (drikkevatt og nedslagsfelt), verna vassdrag, småbåthamn (SH), friområde ved sjø, fleirbruksområde - Natur, Friluftsliv, Fiske, Ferdsel, Akvakultur (NFFF/ NFFFA), ferdselsområde, kaste- og låssettingsplass (KL) og fiskerihamn (FH).

**Akvakultur (A):** Etablering av akvakulturanlegg utanfor desse områda er i strid med planen og krev dispensasjon.

**Fiske (Fi):** Kaste- og låssettingsplass.



Figur 3: Utsnitt frå KPA. Planområdet omtrentleg markert i raud stipla line.

### 3.3.2 Kommuneplan for Solund 2008-2020 - Samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel vart handsama i 2010 og gir mål for utviklinga i kommunen og retningslinjer for sektorane si planlegging og aktivitet. Føremålet har mellom anna vore å kartleggje ulike interesser kring arealbruk, få eit meir heilskapleg bilete av areala, leggje til rette for fleirbruk og sikre god forvaltning av areala i framtida. Bruken av strandsona er eit av punkta som er viktig i KPS sidan store delar av Solund ligg i strandsona og det er utarbeida ein strandsonanalyse for å



kartlegga dei ulike interessene. Her finn ein mellom anna at Solund vanskeleg kan halde seg fult til lova om 100-meters beltet.

I KPS går det mellom anna fram at Solund kommune ynskjer å:

- Skape gode kommunikasjonar i og utanfor kommunen
- Leggje til rette for bustadbygging og folketalsutvikling
- Styrkje næringsliv og ha ein positiv etablerarkultur for næring
- Vere føregangskommune når det gjeld forvaltning av naturressursar og miljøet
- Førebyggje og hindre konflikhtar kring arealbruken

### **3.4 Kommunedelplanar/temaplanar**

- Trafikktryggleiksplan 2012-2019
- Strategisk næringsplan for Solund 2013-2014 (utgåande dokument)
- Beredskapsplan (vedteken 2013, oppdatert 2015)
- Klima og energiplan (2011)
- Lokal utviklingsstrategi (2015)

### **3.5 Gjeldande reguleringsplanar**

Planområdet er ikkje regulert.

### **3.6 Tilgrensande reguleringsplanar under arbeid**

Det er ingen tilgrensande planar under arbeid.

## 4. Organisering, medverknad og informasjon

### 4.1 Informasjon og medverknad i planprosessen

Planmaterialet skal i samband med utlegging til offentlig ettersyn gjerast tilgjengelig for ålmenta. Naboar, involverte parter, offentlige og private høyringsinstansar vil i tillegg verte informert om planprosessen i tråd med plan- og bygningslova sine krav, gjennom annonsering i dagspresse (Firda og BT) og gjennom brev. Opus Bergen AS legg informasjon ut på sine heimesider.

Medverknad vil skje mellom involverte parter og høyringsinstansar, i tråd med plan- og bygningslova sine krav. Planprogrammet kunngjerast til allmennheten for å få innspel frå offentlige etatar og involverte partar.

### 4.2 Framdriftsplan

Fasar i planarbeidet	Informasjon	Kommunal handsaming	Framdrift
Utarbeiding av forslag til planprogram			Juni 2016
Høyring av forslag til planprogram	Kunngjering til allmennheten. Innspel frå offentlege etatar og råka/involverte parter.		Minimum 6 veker
Vedtak av planprogram		Solund kommune	Oktober 2016
Utarbeiding av forslag til reguleringsplan med konsekvensutgreiing – KU	- innsamling av kjent kunnskap om planområdet - synfaring og registrering - drøfting med fagetatar og råka/involverte parter - utredning		Haust/vinter 2016/2017
Første gangs handsaming av reguleringsplanframlegg		Solund kommune	Vår 2017 12 vekers frist
Evt. nabomøte		Opus/forslagsstillar	Vår 2017
Offentleg ettersyn av planframlegget	-opent møte -offentlige etatar -allmennheten		Minimum 6 veker
2. gangs handsaming og evt. tillegg KU	-gjennomgang av merknadar - prosess med involverte partar før endring av planen	Opus/Solund kommune	Tidleg sommar 2017
Vedtak av reguleringsplan		Kommunestyret si handsaming av reguleringsplanen	Sommar /tidleg haust 2017

## Del 2 Program for konsekvensutgreiing

### 5. Alternativvurdering

#### **0-alternativ**

Dagens situasjon. Planområdet vidareførast som i dag. Inga ny utbygging.


#### **Utbyggingsalternativet, alternativ 1**

Oppdrettsanlegg på land med tilhøyrande kaianlegg, anleggsveg og pendlarbustader for tilsette og mogleg overnatting for besøkande.

#### **Utbyggingsalternativet, alternativ 2**

Oppdrettsanlegg på land og i fjelltunnell, med tilhøyrande kaianlegg, driftsbygningar, anleggsveg og pendlarbustader for tilsette og mogleg overnatting for besøkande.

Figuren under viser korleis tiltaka er tenkt plassert innanfor planområdet. Interne vegar er vist med blå/lilla strek.



## 6. Konsekvensutgreiing – prosess, metode og aktuelle problemstillingar

Influensområde og avbøtande tiltak vurderast for kvart enkelt tema. Metoden i Statens Vegvesen si handbok V712 Konsekvensanalyser skal følgast så langt det er føremålstenleg. Følgande tema skal vurderast:

- Landskap
- Naturmiljø, inkludert strandsone
- Teknisk infrastruktur

Risiko og sårbarheit (ROS-analyse) vert utgreidd nærare i planomtalen. Her inngår tema støy, forureining, flom, lokalklima, brann, trafikkulykker.

I tillegg vil planomtalen skildre og vurdere følgande tema: massedeponi, universell utforming, sosial infrastruktur, ferdsel (land og sjø), verneinteresser (t.d. kulturminne), vassdrag, stadutvikling, andre bruksinteresser (akvakultur, fiske, friluftssinteresser).

I samband med utarbeiding av planprogrammet har det vore presentert i regionalt planforum 31.08.16. Det er aktuelt å presentere planforslaget i same planforum i samband med offentleg ettersyn. Det skal vurderast folkemøte i samband med offentleg ettersyn for å vise forslag til tiltak og avbøtande løysingar.

### 6.1 Landskap

- Beskrive landskapet, både i planområdet og influensområdet, og vurdere føringar dette legg på tiltaket (planlegginga).
- Tiltaket sine landskapsmessige konsekvensar med omsyn på utforming, høgde, plassering av nybygg, fjern- og nærverknad vil bli vurdert.
- Vurdere korleis dei ulike alternativa påverkar omgjevnadane visuelt.
- Utarbeiding av 3D-illustrasjonar og snitt.

Tema	Eksisterande kunnskap	Datagrunnlag og metode
Landskap: tiltaka sin verknad på landskapsbilete og -kvalitetar	Oversiktskart, flyfoto, dagens terreng, landskapsform og landskapstype	Visuelle vurderingar i form av blant anna 3D og snitt. Dei ulike utbyggingsalternativa vert vurdert i forhold til korleis de forholder seg til omgjevnadene.  Vurdering av plassering av boliger med tanke på terreng og orientering.  Bygningane si framtoning og funksjon mot omgjevnadene.

## 6.2 Naturmiljø

- Kartlegge og skildre viktige naturelement
- Vurdere konsekvensar for naturverdiar i sjø og på land innanfor planområdet
- Vurdere tiltaket sine konsekvensar for naturtypar og biologisk mangfald
- Vurdere tiltak etter §§ 8-12 i Naturmangfaldslova

Tema	Eksisterande kunnskap	Datagrunnlag og metode
Tiltaka sin innverknad på naturmiljø på land og i sjø	Naturbase og artskart. Vann-nett Fiskeridirektoratet sitt kartverk Kommune Kartleggings-rapportar	Synfaring av planområdet.  Kartleggja og beskrive naturmangfald i planområdet etter DN-handbok 13 og DN-handbok 19.

## 6.3 Teknisk infrastruktur

- Inkluderer drikkevassforsyning, avlaup, kraftforsyning, energiforbruk, anleggsvegar.
- Renseanlegg.

Tema	Eksisterande kunnskap	Datagrunnlag og metode
Teknisk infrastruktur	Trasèar for høgspenlinjer og VA-nett.	Kartleggja eksisterande teknisk infrastruktur, og avklara behov for og omfang av utviding og eventuelle nye trasèar.